

RUTINEHÅNDBOK

FOR

BARNEVERNTENESTA

I

MELAND KOMMUNE

**Barneverntenesta i Meland kommune har kontor
i kommunehuset på Frekhaug.**

Tlf.nr. 56171140 i kontortid fra kl. 08.00 – 15.30.

Utarbeida juli 2007.

KOMMENTAR:

Første utgåve av "Rutinehandbok for Barneverntenesta i Kommunane" kom ut i mai 1991. Den vart gjeve ut av Barne- og familiedepartementet i samarbeid med Sosialdepartementet og Kommunane sitt Sentralforbund.

Det vart sett eit krav til alle kommunane i landet om å utarbeide ei rutinehandbok for å bidra positivt på effektiviseringsarbeidet i barnevernet.

I mars 2006 kom det ut to nye og oppdaterte rutinehandbøker og tre rettleiere til bruk i den kommunale barneverntenesta.

Det er fleire høve som har pressa fram ei ny og oppdatert rutinehandbok for barneverntenesta. Like etter at den første rutinehandboka kom ut, vart det vedteke ei ny Lov om barneverntenester (1992). Lova har ført til fleire viktige endringar i barnevernet sin praksis, mellom anna å gjera det lettere å setje inn førbyggande hjelpetiltak i samarbeid med born og familie på eit tidleg tidspunkt.

Fylkesnemndsordninga er innført, der alle tvangsaker vert avgjort for å styrke rettstryggleiken til born og foreldre.

Ei viktig endring i barnevernlova skjedde i 2003 gjennom etablering av ny statleg regional barnevernmyndigheit (fra og med 1.1.2004) som fekk namnet Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat), jf. Barnevernlova § 2-2 og § 2-3.

Med lova kom nye forskrifter, rundskriv og retningslinjer som har hatt mykje å seie for korleis ein utøver barnevernfaget i Norge, til dømes Retningslinjer om saksbehandling i barneverntenesta og Rundskriv om barnevernet og teieplikta, opplysningsretten og opplysningsplikten.

Eit anna høve som har bidrege til behov for nye rutiner i barnevernet er auka fokus på borna sin rett i samfunnet- der det skal takast omsyn til born sin status som sjølvstendige aktørar, og at born skal bli forstått og behandla som eit individ som har rett på vern, og ha medverknad i si eiga sak.

Eit tredje høve er innføringa av plikt til internkontroll for barneverntenesta av 1.1.2006. Internkontrollen vil medføre større trong for god dokumentasjon som kan leggje tilrette for betre innsyn i barneverntenesta si verksemd.

Det er og ei anna utvikling som har hatt mykje å seie for norsk barnevern i dei siste åra. Eit aukande antall barn med innvandrarbakgrunn får hjelp gjennom barneverntenesta. Arbeid med integrering av barn og ungdom med innvandrarbakgrunn i Norge kan vera ei stor og komplisert oppgåve som barneverntenesta deler med andre instansar og aktørar.

Meland barnevernteneste ønskjer å følge opp denne oppfordringa frå Barne- og likestillingsdepartementet, og har utarbeid ei rutinehandbok som vi meiner er tilpassa storleiken på vårt kontor.

KAPITTEL 1 – Innleiing.

Barnevernet er eit samansatt fagfelt som er under stadig utvikling. I barnevernsarbeidet nyttast det kunnskap frå mange fagdidipliner som sosialt arbeid, psykiatri og sosiologi avhengig av kva oppgåve barnevernet står overfor.

Oppgåvane varierer frå råd og rettleiing i familien, hjelpetiltak i og utanfor heimen og plassering av barn utanfor heimen.

Barneverntenesta si viktigaste funksjon er å vera eit service/ hjelpetilbod til barn, foreldre og andre samarbeidspartar som ønskjer råd, rettleiing og hjelp i ulike situasjonar.

Lova understreker og at barneverntenesta har eit ansvar for å yta tidleg hjelp til born og foreldre. Barneverntenesta skal gje denne hjelpa i samråd og samarbeid med dei det gjeld.

Mange oppfattar at barnvernet grip inn, mot foreldre og born sine ønskjer. I nokre situasjonar hender det at foreldre og barneverntenesta ser ulikt på barna sine behov. Det som er viktig er å etterstrebe ei god kontakt med dei det gjeld, og få til eit samarbeid basert på tryggleik og tillit. Det hendar at barn lever under slike forhold at dei har behov for eit anna omsorgstilbod enn det foreldra kan gje – for ein kortere eller lengre tidsperiode. Barnevernet har då ei plikt til å gripa inn. Vi har eit klart ansvar for å sikra dei mest vanskelegstilte borna eit forsvarleg omsorgstilbod.

I rutinehåndboka vår vert det lagt vekt på rutinar i høve meldingar som fører til undersøking etter Lov om barneverntenester med vedtak om tiltak, eventuelt at undersøkinga vert henlagt.

Håndboka vår er tenkt som eit hjelpemiddel som skal gjera det lettare å utføra dei ulike oppgåvene innafor barneverntenesta.

1.1. KVA MEINER VI MED RUTINAR OG KVALITETSSIKRING AV RUTINAR?

Vi definerer rutinar som:

FAST ETABLERTE FRAMGANGSMÅTAR OG PROSEDYRAR FOR KORLEIS OPPGÅVER VERT LØYSTE.

Rutiner i sakshandsamingsprosessen skal ikkje erstatta, men vera eit rammeverk for faglege vurderingar og avgjerder.

Ei rutine gjer eit formalisert uttrykk for at ”slik gjer vi det her hjå oss”, og er i prinsippet bindande.

Rutiner som fungerer virker styrande på arbeidsprosessen og hjelper oss til eit meir målretta arbeid.

Utvikling av rutinar må ein se på som ein kontinuerleg prosess, og ein vil strebe for at rutineane er i samsvar med lokale målsettingar for barneverntenesta – og som passer kontorets eigen praksis.

1.2. RUTINEHANDBOKA SI MÅLSETJING:

Rutiner er i seg sjølv ikkje noko mål. Den einstilte rutine bør vera grunna i klare målsetjingar og krav til det arbeid vi gjer.

Gode rutinar vil sikra:

- **Eit rammeverk for det faglege arbeid.**
- **Rett forvaltningspraksis**
- **Ivaretaking av rettssikkerheit.**
- **Betre oppfølging og kontroll.**
- **Fokus på mål og resultat**
- **Effektiv nytting av tida.**
- **God brukarservice med utgangspunkt i borna sine behov.**
- **Eit effektivt samarbeid med andre samarbeidspartar.**

1.3. KORLEIS HAR VI BYGD OPP HANDBOKA?

Den nye rutinehåndboka er delt inn i 10 kapitler. Innleiingskapitlet gjer bakgrunnsinformasjon om formålet med håndboka, korleis håndboka er bygd opp og korleis ein kan ha nytte av den. Nokre tema framstår som sær s sentrale i arbeidet vi utfører, og kan gje nokre faglege føringar i utviklinga av rutiner i barnevernsarbeidet. Desse temaer er:

- **Barn sin rett til medverknad**
- **Bruk av skjønn som reiskap i barnevernsarbeidet**
- **Barneverntenesta – kommunikasjon og media**
- **Tverrfagleg samarbeid og interkommunal samorganisering**
- **Brukarmedverknad og samarbeid med familien**
- **Førebygging og tidleg intervensjon.**

Utfyllande artikler om overnevnte finnast i ”Rutinehandbok for barneverntenesta i kommunane”.

Dei øvrige 9 kapitler er bygd opp kring ulike faser i ein barnevernsak, og i forhold til ulike typer av tiltak som kan setjast i verk etter barnevernloven.

Kapitla 2 - 10 handler om dei 9 ”rutineområda”:

- **Barneverntenesta si saksbehandling og arbeid med enkeltvedtak.**
- **Meldinger**
- **Saker til undersøking**
- **Hjelpetiltak til born og bornefamiliar.**
- **Barneverntenesta sitt arbeid med saker som skal til Fylkesnemdna**
- **Vilkår for omsorgsovertaking – Oppfølging av born under omsorg.**
- **Midlertidige og foreløpige vedtak i akutsituasjoner.**
- **Tiltak for ungdom over 18 år.**

KAPITTEL 2

SAKSBEHANDLINGA I BARNEVERN TENESTA OG ARBEID MED ENKELTVEDTAK.

Regler for saksbehandling i barnevernsaker er hjemla i tre Lover:

- Lov om barneverntenester
- Lov om sosiale tenester
- Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker.

Samla oversikt over regler som gjeld ved dei ulike trinn i saksbehandlinga vert å finne i : Retningslinjer om saksbehandling i barneverntenesta. og Rundskriv om barnevernet og teieplikta, opplysningsrett og opplysningsplikta.

2.1. Formål og prinsipp.

For å sikra den einskilde klient si rettstryggleik og gje ei god og forsvarleg saksbehandling i kvar einskilde barnevernsak.

Utgangspunktet er at forvaltningslova sin avgjerd gjeld for saksbehandling i barnevernsaker der barnevernlova ikkje har særregler, jf. § 6-1, 1. lekk.

Om anna må barneverntenesta oppfylle krava til rettleiingsplikt og innhenting av opplysningar, jf. Forvaltningsloven §§ 11 og 11c. Andre alminnelege regler ved saksbehandlinga, så som reglane om habilitet i forvaltningslova § 6, kommer og til nytte.

Særregler om saksbehandlinga i barnevernlova.

Viser her til Barnevernlova , kapittel 6 "Generelle saksbehandlingsregler" og kapittel 7, " Saksbehandlingsregler for Fylkesnemnda!.

Sosialtenesteloven kap. 9 " saksbehandling i tvangssaker" har og regler for saksbehandling i Fylkesnemnda som gjeld på same måte for barnevernsaker, jf. § 7-1 a)-k).

2.2. Enkeltvedtak, vedtaksavgjerd og administrative avgjerd.

Definisjon av enkeltvedtak: "*et vedtak som gjeld rett eller plikter til ein eller fleire bestemte personar*", jfr. Forvaltningsloven § 2. 1.lekk.

Avgjerd som gjeld ytelser og tenester etter barnevernloven, skal alltid reknast som eit enkeltvedtak, jf. § 6-1. 2.lekk.

For meir opplysninger om reglar i forhold til vedtak : Se Rutinehandbok for barneverntenesta i kommunane.

2.3. Sjekkliste for arbeid med saksbehandling og enkeltvedtak. (Kommer inn på data)

	Oppgaver:	Utført/ avklart
	Å sikre den enkelte klient sin rettstryggleik og god og forsvarleg saksbehandling	Barneverntenesta sine Merknader:
A	Barnet sitt namn:	
	Sjekkpunkter for barneverntenesta sitt arbeid med saksbehandling og enkeltvedtak.	
B	Oppholder barnet seg i kommunen?	
C	Er det aktuelt for barneverntenesta å fatte enkeltvedtak etter barnevernloven (til dømes hjelpetiltak etter § 4-4) ?	
D	Har barneverntenesta vedtaksmyndigheit for denne type tiltak?	
E	Har barneverntenesta avslått ein søknad om hjelpetiltak som skal reknast som eit enkeltvedtak?	
F	Har barneverntenesta tatt stilling til kvem som er part i saka?	
G	Har barneverntenesta informert partane om rett til advokatbistand i saka?	
H	Har barneverntenesta gitt partane førehandsvarsling før det treffast vedtak og om rett til å uttale seg?	
I	Har barneverntenesta sørga for at saka er godt nok opplyst?	
J	Har barneverntenesta informert partane om rett til å gjere seg kjent med og kontrollere informasjon/ dokumenter som nyttast i saka (innanfor avgrensing i forvaltningslova § 19)?	
K	Er vedtaket utforma i tråd med forvaltningsloven sine avgjerd med henvisning til lovheimel og regler vedtaket bygger på, dei faktiske forhold, og hovudhensyn i utøving av skjønn?	
L	Har partane fått skriftleg melding om vedtaket med opplysning om klageadgong og fremgangsmåte?	
M	Har barneverntenesta satte i verk vedtaket så snart som mogeleg, så fremt det ikkje er tatt nokon avgjerd om utsatt iverksetjing?	

(revidert september 2015)

MELDING**3.1. Formål og prinsipp**

Når barneverntenesta mottok ei melding, uavhengig av om den er i skriftleg eller munnleg form, skal meldinga snarast vurderast av barnevernfagleg tilsett som mottok meldinga. Det skal gjerast ei vurdering av om innhaldet i meldinga gjer grunnlag for «rett og plikt» til å gjere ei undersøking etter § 4.3 i Lov om Barneverntenester.

«Dersom det er rimeleg grunn til å tru at det føreligg forhold som kan gje grunnlag for tiltak etter dette kapitlet, skal barneverntenesta snarast undersøke forholdet, jf § 6.9.»

3.2. Rutinar for arbeid med meldingar.

- Alle meldingar skal snarast registrerast i dataprogrammet.
- Meldar skal få opplysningar om barneverntenesta si rolle og korleis vi arbeider med meldingar.
- Meldinga bør vere så fullstendig som råd, slik at den kan gje eit best mogleg grunnlag for barneverntenesta si første vurdering av situasjonen.
- Ei melding kan kome skriftleg eller munnleg så vel frå privat som frå offentleg melder.
- Barneverntenesta har i oppgåve å klargjera meldinga med meldar dersom den er upresis. Deretter gjere ei vurdering av om innhaldet kjem inn under § 4.3. ***Rett og plikt for barneverntenesta til å foreta ei undersøking.***
- Meldinga vert tatt opp i barneverntenesta sitt ukentlege møte der plan for undersøkinga vert lagd. Sakshandsamar gjer skriftleg tilbakemelding til meldar om det vert eller ikkje vert sett igang undersøking etter Lov om barneverntenester. Dette gjeld så vel privat som offentleg melder.
- Først når det er klargjort at meldinga gjev grunnlag for undersøking, tek barneverntenesta kontakt med foreldra.
- Etter avslutta undersøking gir sakshandsamar skriftleg tilbakemelding til *offentleg* melder om det vert sett i gang tiltak eller ikkje etter Lov om Barneverntenester.
- Ved tilbakemelding til offentleg melder om igangsett tiltak skal det vurderast om det er naudsynt å gje opplysningar om kva tiltaket går ut på. Dette av omsyn til meldar sine pliktar overfor barnet.
- Rutinemessig skal barnevernleiar i kvart ukemøte kontrollere at skriftleg tilbakemelding til meldar etter motteke melding er gitt. Likeins at rutine for skriftleg tilbakemelding til offentleg melder etter avslutta undersøking er følgd.
- Det skal vere ei statusgjennomgang med rådmannen kvart kvartal.

3.3 Anonyme meldingar.

Når privatpersonar gjer inn ei bekymringsmelding kan dei vera anonym, eller krevje å få vera anonym sjølv om identiteten er kjend for barneverntenesta. Dei bør likevel oppmodast til å gje opp identiteten sin då barneverntenesta ikkje kan garantere anonymitet dersom saka fører til tiltak som krev handsaming av Fylkesnemda.

Offentleg tilsett, som gjennom sitt arbeid har blitt kjend med tilhøve kring eit barn, har ikkje høve til å vera anonym.

Ved anonyme meldingar bør barneverntenesta vise varsemd med omsyn til om meldinga skal følgjast opp med ei undersøking. Det bør m.a vurderast om meldinga kan vere gitt med tanke på sjikane.

Opplysningsplikta til barneverntenesta, jf. § 6.4, vil ikkje vere oppfylt ved ei anonym melding. Opplysningsplikta byggjer på at den som meldar gjer seg til kjenne slik at barneverntenesta kan vurdere innhaldet i meldinga og trong for å hente inn fleire opplysningar.

3.4. Tilbakemelding til meldar.

Barneverntenesta ved sakshandsamar skal alltid, og seinast innan 3 veker, gje skriftleg tilbakemelding til alle som meldar om at melding er motteken og at saka vert følgd opp i samsvar med Lov om Barneverntenester §4.3.

Til offentleg meldar skal det og opplysast om det vert sett i gang undersøking eller om meldinga vert lagd bort med grunngjeving, jf § 6.7 a.

I medhold til barnevernlova kan barneverntenesta gje opplysningar til andre forvaltningsorgan, dersom det er naudsynt for å fremje barneverntenesta sine oppgåver. Same gjeld for å førebyggje alvorleg fare for liv og helse eller alvorleg skade for andre si helse. Barneverntenesta kan og gje opplysningar til andre ved samtykke frå dei som er part i saka, eller for å oppnå det formål opplysningane er gitt eller innhenta for, jf. Forvaltingslova § 13 a .

Dersom eit barn under 15 år har gjort seg skuldig i ei straffbar handling kan påtalemyndighet/politi avgjere å overføre saka til barneverntenesta. I slike saker er barneverntenesta unntatt teieplikt overfor meldar og skal underretta politi om ein treff vedtak i saka eller ikkje, jf Straffelova § 71b.

3.5. Bortlegging av meldingar.

I enkelte tilfelle kjem meldinga som ein søknad frå foreldre eller ungdom om eit spesielt tiltak. Barneverntenesta skal då handsame søknaden og gjera vedtak om avslag eller godkjenning. Dette er eit enkeltvedtak i samsvar med forvaltingslova.

Dersom barneverntenesta treffer avgjerd om ikkje å sette i gang undersøking, skal meldinga likevel arkiverast.

Mal

MELAND KOMMUNE

Barneverntenesta

Dato

Tilbakemelding etter avslutta undersøking

Viser til bekymringsmelding motteke

I følge Lov om barneverntenester § 6-7 a, 3.ledd , skal barneverntenesta gje tilbakemelding til offentleg meldar når undersøkelsen er gjennomført.

Konklusjon på vår undersøking er :

*

Dette til Dykkar orientering.

Leiar av barneverntenesta

sakshandsamar

Mal:

9

MELAND KOMMUNE

Barneverntenesta

Dato

Tilbakemelding til melder

Barneverntenesta stadfester å ha motteke bekymringsmelding på ovannemnde barn , motteke den.....

Melding til barneverntenesta vert følgd opp i samsvar Lov om barneverntenester og det kan opplysast at barneverntenesta har :

*

Ei undersøking skal vere gjennomført innan 3 månader, i særskilde tilfelle 6 månader.

Offentleg meldar har rett på tilbakemelding etter gjennomført undersøking. Slik melding vil bli gitt når undersøkinga er gjennomført.

Dette til orientering.

Leiar av barneverntenesta

sakshandsamar

MELDING I BARNEVERNSSAK

Dok.dato:.....

Vår Ref:.....

Ikkje offentlig
Jfr. Off. lova § 5a

Barnet sitt namn: Født:

Mor sitt namn:

Adresse:

Far sitt namn:

Adresse:

MELDING OM

Meldar:

Kva konkrete forhold har meldaren observert?

.....

.....

.....

.....

.....

.....

Kva tid vart forholda observert?.....

Har meldar teke opp forholdet med føresette eller andre?.....

Vart meldinga lese opp og godkjent av
meldar?.....

Vart meldaren orientert om barnevernet sitt arbeid, lovgrunnlag, framgongsmåter m.m.

.....

Underskrift

MELDING I BARNEVERNSAK FRÅ EI ANNA OFFENTLEG INSTANS

Dok.dato:.....

Vår Ref:.....

Ikkje offentleg
Jfr. Off.lova § 5a

Barnet sitt namn:.....

Født.....

Mor sitt namn:.....

Adresse:.....

Far sitt namn:.....

Adresse:.....

MELDING OM.....
Årsak for meldinga:

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

**Når vart dei aktuelle problema fyrste gong registrert hjå
meldingsinstans?.....**
Er spesielle hjelpetiltak igongsett?.....
Er barnet henvist til andre hjelpeinstansar (Dersom ja – kva instans og når?)

.....

Kontaktperson hjå hjelpeinstansen
er:.....

.....

Underskrift

KAPITTEL 4 – SAKER TIL UNDERSØKING

4.1 Lovheimel:

- Lov om barneverntenester
- Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker.

4.2. Formål og prinsipp.

Dersom det ved gjennomgang av barnevernmeldinga viser ” *at det er rimeleg grunn til å tru at det ligg føre forhold som kan gje grunnlag for tiltak etter kapittel 4, skal barneverntenesta snarast undersøke forholdet*”, jf. § 4-3, 1.lekk.

Undersøkinga skal gjennomførast snarast og seinast innan 3 månader. I særlege tilfelle, f.eks. ved bruk av eksterne sakkunnige i omfattande og tidkrevjande undersøkinger, kan fristen vera 6 månader, jf. § 6-9.

4.3. Rutinar for arbeid med undersøkingar.

4.3.1 Plan for undersøkinga.

I barneverntenesta i Meland lager vi ein plan for undersøkinga.

- Planen skal vera eit verktøy for å sikra framdirft i høve fristar og informasjon/kommunikasjon med familien så vel som med samarbeidspartnere, og korleis barnevernet arbeidar med saka.
- Barnevernet har og eit utreiingsansvar når det skal treffast midlertidige vedtak.

4.3.2 Kor omfattande skal undersøkinga vera?

- Barneverntenesta skal gjennomføre undersøkinga ”*slik at den minst mogleg skadar nokon av partane, og den skal ikkje gjerast meir omfattande enn formålet tilsier*”. Det skal og leggjast vekt på å hindre at kunnskap om undersøkinga sprer seg unødigg”, jf. § 4-3, 2. lekk.
- Undersøkinga må stå i forhold til innhaldet i meldinga, og ein må særleg være klar på kva som er fakta og kva som er vurderinger.
- Undersøkinga skal først og fremst ivareta omsynet til barnet sitt beste.
- Barneverntenesta må skape ein tryggleik og forutsigbarheit i kontakten med barn og foreldre, for å sikre et godt samarbeid.
- Det er og viktig å tilstrebe seg samtykke til å innhente informasjon frå andre instansar som har kjennskap til familien og barnet.
- Foreldre kan ikkje motsette seg at undersøkinga vert gjennomført ved besøk i heimen, jf. § 4-3, 3. lekk. Dette gjeld sjølv om foreldra nekter å samarbeide med barnevernet i saka.

- Etter kvar undersøking som vert gjort, skal det lagast ein sluttrapport/ oppsummering med vurdering og konklusjon. Saman med dei det gjeld skal barneverntenesta gjennomgå rapporten. Sluttrapporten er et godt verktøy, som gjer oversikt i kva undersøkinga har bestått av, og korleis barneverntenesta vurderer arbeidet vidare framover. Sluttrapporten blir satt inn som mal på data.

4.4. Andre særlege forhold.

- Barneverntenesta har plikt til å gje opplysningar til sosialtenesta når ” **det er grunn til å tru at ei gravid kvinne misbruker rusmidlar på ein slik måte at det er overveiande sannsynleg at barnet vert fødd med skade**”, jfr. 6-7, 3. lekk som visar til sosialtenestelova 6-2 a.
- Ut frå avgjera i barnelova § 4-8, jf. § 4-9, kan barneverntenesta gjera foreløpig vedtak om omsorgsovertaking for eit nyfødd barn.
- Dersom det føreligg mistanke om at eit barn vert mishandla eller utsett for andre alvorlege overgrep, kan barneverntenesta gje pålegg om at barnet skal bringast til sjukehus eller anna egna stad for undersøking., jf. § 4-3, 4. lekk. Barneverntenesta kan i slike saker krevje bistand frå politiet, jf. § 6-8.
- I saker der barn vert utsett for vold i familien, vil det vera trong for samarbeid med ulike instansar, om anna i høve ko-ordinering og samordning av oppgåver. Her er det naudsynt å opprette ansvarsgrupper kring barnet. **Utveksling av opplysningar i slike grupper må baserast på samtykke fra partane i saka, jf. Forvaltningslova § 13a) nr. 1.** Det kan og vera aktuelt å drøfte slike saker i kommunale eller regionale konsultasjons-team, enten anonymt eller med samtykke. Dersom saka ikkje er anonymisert eller det ikkje føreligg samtykke – må ein i kvar einskilde sak vurderast kva opplysningar som ein kan gje ut – og på kva grunnlag.
For djupere innsikt i dette tema les: **Veileder om formidling av opplysningar og samarbeid der barn vert utsett for vald i familien.**

4.5. Informasjon frå barnet:

- Barnet er ein viktig informant i eige sak, og barneverntenesta bør tilstrebe å få fram dei synspunkt barnet har.
- Barnet sin rett under behandlinga av saka, inkludert den rett barnet har som part er stadfesta i barnevernlova § 6-3.
- Hovudregel er at barnet får partsrett er:
 - ” **dersom barnet har fylt 15 år og forstår kva saka gjeld. I særskilde tilfelle kan Fylkesnemnda gje eit barn under 15 år partsrett.**
 - ” **I saker som gjeld tiltak for barn med adferdsvanske, skal barn alltid reknast som part , jfr. § 6-3, 2. lekk.**
- Barn som fylt 7 år eller yngre, og som er i stand til å danne sine egne synspunkt skal informerast. Dei skal og ha høve til å uttale seg før det vert teke avgjerd i ein sak som har med barnet å gjera.
- Barnevernet har adgang til, enten sjølv, eller gjennom engasjert sakkunnig å krevje å få snakke med barnet i einerom, jf. § 4-3, 4. lekk.
- Det bør fortløpande og i forhold til undersøkinga sin konklusjon, avklarast korleis barnet si meining skal leggst vekt på i saka, i samsvar med alder og utvikling.

- Barneverntenesta må og vurdere om informasjon som barnet gjer kan skade forholdet mellom barnet og foreldra. Det må derfor avklarast korleis denne informasjon skal håndterast vidare i forhold til forvaltningslova sine avgjerd om dokumentinnsyn.

4.6.Regler for innhenting av opplysninger frå andre instansar:

- Ein kan gje pålegg om innhenting av opplysninger i undersøkinga dersom ”*det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla i heimen, eller det føreligg andre former for alvorleg omsorgsvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege atferdsvanske, jf. barnevernlova § 6-4.*”

Meir informasjon om dette står i : *Rundskriv om barnevernet og taushetsplikten, opplysningsretten og opplysningsplikten.*

4.7.Informasjon frå privatpersonar:

- Det kan vera trong for å hente inn opplysningar frå privatpersonar. Desse vil då få kjennskap til at barneverntenesta er inne i familien. I slike tilfelle skal ein ikkje gje ut meir informasjon enn naudsynt ut frå situasjon.
- Først og fremst bør barneverntenesta forsøke å innhente samtykke frå foreldra, og det er også viktig å avklare korleis barneverntenesta og foreldra kan samarbeid vidare.
- Dersom samtykke frå foreldre ikkje føreligg, kan barneverntenesta finne det naudsynt å gje ut opplysninger til privatpersonar som eit ledd i arbeidet med undersøkinga, jf. forvaltningslova § 13 b, nr. 2.

4.8. KONKLUSJON AV UNDERSØKINGA:

Undersøkinga skal konkludere med:

- Bortlegging på bakgrunn av at vilkårene ikkje er til stade for å setje inn tiltak etter kapittel 4 eller
- Vedtak om tiltak med heimel i kap. 4, kor barneverntenesta har vedtaksmyndigheit, eller
- Forslag til vedtak til Fylkesnemnda om tiltak etter kapittel 4 kor Fylkesnemnd har vedtaksmyndigheit.

4.8. 1. Sjekkliste for arbeid med undersøkingar (skal inn på data)

	Oppgåver	Utført/ avklart
	Undersøkje om forholdene er til stade for tiltak overfor barnet med heimel i kapittel 4	Barneverntenesta sine merknader:
A	Barnet sitt namn:	
	Sjekkpunkter for barneverntenesta sitt arbeid med undersøkinga:	
B	Er bruk av tid planlagt i forhold til tidsfristen på tre månader?	
C	Er det aktuelt med utviding til 6 månader, kva er i så fall grunngjevinga?	
D	Er det laga ein plan for undersøkinga?	
E	Er det gjort ei vurdering av kvem som er parter i saka?	
F	Er det gjort ei vurdering om dette er: <ul style="list-style-type: none"> • Ei sak med fokus på hjelpetiltak kor foreldre er i godt samarbeid og einig i tiltaket. • Ei sak kor fokus er retta mot mogeleg volds overfor barnet og at ein tar spesielt omsyn for å verne barnet, f.eks. unnlate å varsle foreldra. • Ei sak av alvorleg karakter kor det må brukast tid i undersøkinga, for å finne ut om fokus skal vera å vera open for både myndigheit av foreldra såvel som eit meir problemavdekka blikk? 	
G	Er det gjort ei vurdering av korleis barnet sin rett skal ivaretakast i saka?	
H	Kven skal snakke med barnet?	
I	Er det vurdert om nokon offentlege instansar bør informerast om at det igangsatt ei undersøking, f.eks. skule eller barnehage?	
J	Er det informasjon i saka som tilseier at barneverntenesta skal informere politi, f.eks. om vold mot barnet?	
K	Er det vurdert om det bør innhentast opplysninger frå offentlege eller private personar i undersøkinga, eventuelt ved pålegg?	
L	Er det innhenta sakkunnig hjelp i undersøkinga	

4.8.2 Momentliste ved innhenting av informasjon i undersøkinger frå helsestasjon.

- **Har barnet møtt til jamnleg kontroll på helsestasjonen?**
- **Dato for siste kontroll?**
- **Kven bring barnet til kontroll?**
- **Korleis er samarbeidet mellom foreldre og helsestasjon?**
- **Er barnet si utvikling adekvat i forhold til alder?**
- **Korleis er barnet sitt temperament?**
- **Korleis takler omsorgspersonane eventuelle problem som f.eks. sjukdom hjå barnet?**
- **Gjør greie for barnet sitt stell og trivsel.**
- **Gjør greie for barnet sine ressurser og foreldre sine ressurser**
- **Eventuelt – korleis barnet fungerer i samspill med andre barn/ vaksne på arenaer som familie, fritid og skule/barnehage.**

4.8.3. Momentliste ved innhenting av informasjon i undersøkinga frå skule.

- **Fråvær (omfang/ perioder)**
- **Barnet si fungering i forhold til alder?**
- **Konsentrasjon?**
- **Sjølvtendig arbeid?**
- **Heimearbeid?**
- **Relasjon til andre elevar (eldre/ yngre barn)?**
- **Relasjon mellom eleven og lærarne (variasjoner)?**
- **Spesielle interesser, talenter, evner?**
- **Vurdering om eleven har spesielle behov for hjelp?**
- **Korleis er samarbeidet mellom skule og foreldre?**
- **Kva ressurser har eleven og foreldre?**

4.8.4. Momentliste ved innhenting av informasjon i undersøkinga frå barnehage.

- **Barnet sitt oppmøte i barnehagen, tidspunkt?**
- **Kven følgjer barnet?**
- **Påkledning?**
- **Barnet si evne til å leike?**
- **Barnet sine interesser?**
- **Aktivitetar barnet ikkje vil delta i?**
- **Forhold til andre barn, jamnaldrande, yngre, eldre?**
- **Barnet sitt temperament/ typiske reaksjonsmåtar?**
- **Barnet sin reaksjon på grensesetting?**
- **Gjør greie for barnet sine ressurser/ foreldrene sine ressurser?**
- **Korleis fungerer samhandlinga mellom barnehage og foreldra?**
- **Evt. korleis samspelet er med andre barn/ boksne på heime og fritidsarenaer.?**

Mal for sluttrapport etter undersøking.**SLUTTRAPPORT ETTER UNDERSØKING**
LOV OM BARNEVERN TENESTER § 4-3**Barnet sitt namn:****F.nr.:****Adresse:****Namn på evt. søsken:****Adresse****Føresette:****Adresse****Meldingsinstans:****Dato for melding:****Innhald i meldinga:****Innhald i undersøkinga:****Tema i undersøkinga:****Vurdering og konklusjon:**

Sluttrapporten er utarbeida den /
Sluttrapporten er gjennomgått med partane den /

Leiar av barneverntenesta

Barnevernkonsulent

KAPITTEL 5

HJELPETILTAK FOR BARN OG BARNEFAMILIER.

5.1. Formål og prinsipper:

Hjelpetiltak til barn og barnefamilier skal vera til beste for barnet, jf. § 4-1, og skal gje det einsskilde barn gode levekår og mogeligheiter for ei god utvikling, jf. § 4-4. Ein skal først og fremst gje hjelp til heimen der barnet bur. Hjelpetiltak har som mål å styrke barnet og foreldra sine ressurser og foreldra si omsorgsevne, slik at ein kan redusera behovet for meir alvorlege inngrep seinere, som omsorgsovertaking.

5.2. Rutiner for arbeid med hjelpetiltak

5.2.1. Kva er vilkår for å iverksetje hjelpetiltak etter barnevernslova?

Barnevernlova gjer ingen absolutt rett til hjelpetiltak.

Vilkåra for å gje hjelp etter barnevernslova baserast på om barnet har "særsskilde behov", jf. § 4-4, 2.ledd. Hjelpen vert gitt ut frå generelle kriterier som gjer form for fagleg skjønn om kva barn og familier som har trong for hjelp. Det er ikkje nok at barnet og familien kan dra nytte av hjelpen dersom ikke ein kan dokumentera at barnet har "eit særleg behov", jf.

Retningslinjer for barneverntenesta i kommunane, kap. 4.

- Gjennom undersøkinga av kvar einsskilde sak skal barneverntenesta avklare om hjelpetiltak er til stade, jf. § 4-4, 2. lekk. "når barnet på grunn av forholdene i heimen eller av andre årsaker har særleg behov!".
- Ein må vurdere barnet sine "særlege behov" ut i frå heile situasjonen, om anna barnet si utvikling og fungering, helse, trivsel og eventuelle problem som vanskeleg atferd eller sosial mistilpassing.
- Forhold som kan vera skadeleg for barnet, må og vurderast. Døme på dette er: psykiske problem eller rusproblem hjå foreldra, uheldig praksis av oppseding, dårleg økonomi eller vanskelege buforhold.

5.2.2. Val av hjelpetiltak.

Barnevernlova gjer døme på hjelpetiltak som kan nyttast, om anna støttekontakt, besøksheim og andre foreldrestøttande tiltak, jf. § 4-4, 2. lekk.

Vi som jobber i etaten må bruke fleksibilitet og kreativitet i val av tiltak, og i utviklinga av nye tiltak.

Tiltak som vert sett som formålstjenleg, må drøftast i samråd med familien, og ut i frå familien sine konkrete behov. Ein må sjå om det er ein klar samanheng mellom problemområda og dei tiltak som setjast inn.

5.2.3. Samtykke

Med mindre hjelpetiltak vert pålagt gjennom vedtak i Fylkesnemnda, jr. § 4-4, 4. lekk, skal tiltaka gjennomførast mest mogeleg i samarbeid med barnet og foreldra.

Familien sin medverknad gjer dei beste føresetnadar for at hjelpetiltak kan bidra til å forbedre barnet og familien sin situasjon.

5.2.4. Oppfølging av hjelpetiltak.

For å sikre at hjelpetiltak skal lykkast er det viktig å gje god oppfølging av tiltaka som vert iverksatt. Tiltaksplan er eit nyttig verktøy som skal brukast i oppfølgingsarbeidet. Barnevernlova § 4-5 seier at *"barneverntenesta skal utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan når hjelpetiltak skal iverksetjast"*.

Oppfølgingsansvar omfattar både barn og foreldre.

Barneverntenesta skal evaluere og vurdere om hjelpen som vert gitt er tjenleg, eventuelt om det er naudsynt med nye tiltak.

- Frivillige hjelpetiltak som er iverksett før barnet fyller 18 år kan oppretthaldast eller erstattast av andre tiltak når barnet gjer sitt samtykke, inntil barnet fyller 23 år, jf. § 1-3. Det bør drøftast "i god tid før ungdommen fyller 18 år", korleis ungdommen vurderar si eigen situasjon og sine ønskjer i forhold til hjelpetiltak.

5.2.5. Forslag til Fylkesnemnda om pålagte hjelpetiltak.

Hjelpetiltak skal helst gjennomførast med medverknad og i samarbeid med barnet og foreldra. Pålegg skal bare nyttast dersom ein ikkje kan nå fram til partane med et naudsynt tiltak, og vurderer at hjelpen er særskild viktig. Pålagte hjelpetiltak må fremmast for Fylkesnemnda som har myndigheit i desse sakane, jf. § 7-2.

Tiltak som kan gjennomførast med pålegg er *opphald i barnehage eller andre egnede dagtilbod. Fylkesnemnda kan og gje pålegg om tilsyn i heimen dersom vilkåra i § 4-12 er til stade.*

I desse tilfelle skal barneverntenesta førebu og skrive forslag til vedtak om pålagt hjelpetiltak, til Fylkesnemnda med informasjon om

- * **barnet sin trong for hjelp**
- * **foreldra sin vilje og evne til samarbeid**
- * **moglegheit for frivillig hjelpetiltak**
- * **skildring av tiltak med grunngjeving**
- * **og stadfesting for tiltaksplan/ oppfølging.**

Kjem på data:

- Sjekklisse for arbeid med hjelpetiltak
- Mal for tiltaksplan

5.2.6. Sjekkliste for arbeid med hjelpetiltak.

	OPPGÅVER	Utført / avklart
	Arbeid for å sikre barn hjelpetiltak	Barneverntenesta sine merknader:
A	Namn på barnet:	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid:	
B	Er det gjort ei vurdering av om vilkåra for frivillige hjelpetiltak er til stade, om barnet har "særlege behov"	
C	Har barneverntenesta drøfta med barnet og foreldra deira synspunkt på hjelpetiltak i situasjonen?	
D	Er problema som det skal arbeidast med, godt definerte, og er det gjort val av tiltak som kan avhjelpe problema.	
E	Er det avklart kven som er part i saka?	
F	Er det innhenta skriftleg samtykke frå barn med partsrett(over 15 år) og foreldra?	
G	Er det utforma tiltaksplan for oppfølging av barnet og foreldra?	
H	Har barneverntenesta fatta vedtak om frivillig hjelpetiltak?	
I	Evaluerast hjelpetiltak på fastsatte tidspunkt, og er det teke vurdering på forlenging av tiltak/ alternative tiltak/ eller avsluning?	
J	Dersom familien ikkje kan hjelpast med medverknad og samarbeid – har barneverntenesta vurdert behovet for pålagt hjelpetiltak?	

5.2.7 Mal for tiltaksplan (inn på data)

TILTAKSPLAN

Periode:

Gjeld:

Føresett:

Tiltaksplanen skal evluerast innan:

HOVUDMÅL:

Grunngjeving:

DELMÅL 1:

Grunngjeving:

Tiltak/ samarbeidsområde	Ansvarleg	Frist/ igongsetting
1.		

DELMÅL 2:

Grunngjeving:

Tiltak/ samarbeidsområde	Ansvarleg	Frist / igongsetting
1.		

DELMÅL 3:

Grunngjeving:

Tiltak/ samarbeidsområde	Ansvarleg	Frist/ igongsetting
1.		

Dato:	Stad:
For kommunen:	For klient:

KAPITTEL 6. BARNEVERNTENESTA SITT ARBEID MED FYLKESNEMNDSAKER.

6.1 Viktige momenter i en skriftleg saksframstilling til Fylkesnemnda.

Saksframstillinga må være konsis (normalt ikkje over 15 sider).

Innhald:

- **Et resyme` av dei faktiske forhold som ein legg til grunn.**
- **Ein nøytral framstilling av fakta i saka som inkluderar informasjon, som er fordelaktig for dei private parter.**
- **Grunngjeving for å vise at vilkåra i lova for å gripe inn er oppfylt.**
- **Vedlagt dokumentar i kronologisk rekkefølge med fullstendig dokumentliste, som er relevant for saka.**
- **Ønskjer barnet har i høve oppnevning av talsperson, og barnevernet si vurdering av dette.**
- **Eventuelle utsegn frå sakkunnige og/ eller andre offentlege instansar.**
- **Skildring av hjelp/ tiltak som barnet eller foreldra har fått tidlegare.**
- **Val av tiltak med grunngjeving**
- **Val av plasseringsalternativ og stad i det einkilde tilfelle.**
- **Utkast til tiltaksplan eller omsorgsplan**

Barneverntenesta si saksframstilling bør oversendast til Fylkesnemnda via kommuneadvokaten, vedlag eige oppsummering som skal innehalde flg.:

- **Ein liste over partane i saka med personalia**
- **Informasjon om kven partane har som advokat.**
- **Partane sitt syn på kommunen sitt forslag til vedtak.**
- **Informasjon om barnet er part, eller om det bør oppnevast talsperson for barnet.**
- **Vitneliste for kommunen.**
- **Forlag til vedtak med henvisning til lovheimel.**

6.2. Sjekkliste – Førebuing av sak for Fylkesnemnda

	Oppgåver:	Utført/ avklart
	Når barneverntenesta vurderer at eit barn ikkje får god nok omsorg av foreldra, og at hjelpetiltak ikkje vil kunne endre på dette, skal det framstillast sak for Fylkesnemnda.	
A	Barnet sitt namn:	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid før saa kan sendast til Fylkesnemnda:	
B	Kva frivillige hjelpetiltak har vore forsøkt?	
C	Kva friville hjelpetiltak har vore vurdert men funne nyttelause?	
D	Når konkluderte barneverntenesta med at det måtte reisast sak for nemnda?	
E	Når vart foreldra orientert om dette?	
F	Har barneverntenesta kontrollert med folkeregisteret kven som har foreldreansvar for barnet?	
G	Har barneverntenesta sendt skriftleg varsel til partane på førehånd?	
H	Når vart barnet orientert om at barneverntenesta så det som naudsynt å reisa sak for Fylkesnemnda?	
I	Har barneverntenesta snakka med barnet om bruk av eigen talsperson? Og har barneverntenesta vurdert om dette er tenleg for barnet?	
J	Har barneverntenesta sikra at partane finn ein advokat som kan hjelpe dem i det vidare arbeid?	
K	Har barneverntenesta informert partane om korleis saka vert lagt opp og kva forslag som vert lagt fram?	
L	Har barneverntenesta snakka med partane om moglegheiten av forenkla behandling i nemnda?	
M	Har barneverntenesta hatt kontakt med kommuneadvokat for å lage ein framdriftsplan?	
N	Har barneverntenesta vurdert å bruke sakkunnig før saka skal skrivast?	
O	Har partane i så fall hatt noko å seia på val av sakkunnig?	
P	Har barneverntenesta konkludert med kven som skal førast opp som vitnar, og er desse orientert?	
Q	Er barneverntenesta trygge på kva spørsmål dei som vitnar skal svare på?	
R	Har vitnene produsert dokument som kan nyttast som bevis i saka, og har barneverntenesta tillit til innhaldet?	
S	Er det den som skal møte i nemnda, som skriv saksframlegget?	
T	Er saksframstillinga skreve og vurdert til ikkje å vera for detaljert, men samtidig klart nok til at saka er tilstrekkeleg belyst?	
U	Er det vurdert om vedleggene og bevisene er formange, for detaljert og at det ikkje er for mange gjentakinger?	
V	Har ein medarbeider lest kritisk korrektur?	
W	Når vart saka sendt vidare til kommuneadvokat?	

6.3. Sjekkliste -Førebuing til forhandlingsmøte i Fylkesnemnda

	Oppgåver	Utført/ avklart
	Når krav om omsorgsovertaking er sendt nemnda, fastsett nemnda ein dato for forhandlingane. Denne tida må barneverntenesta nytta til å førebud seg på sjølve forhandlingane.	Barneverntenesta sine merknader:
A	Barnet sitt namn:	
	Sjekkpunkt for kva barneverntenesta må gjera før saka takast opp i Fylkesnemnda:	
B	Har barneverntenesta undersøkt når og kor saka kjem opp?	
C	Har barneverntenesta sikra at dei som skal representere kommunen i saka, er friteken for andre oppgåver når saka skal opp?	
D	Har barneverntenesta sikra seg at partane er orientert om når saka kjem opp, og kva som skjer under forhandlingane?	
E	Har barneverntenesta gjort sitt for å lette praktiske problem partane får i samband med behandlinga?	
F	Har barneverntenesta orientert barnet om når saka kjem opp, og sikra at barnet får kjennskap til kva som kjem til å skje under forhandlingane?	
G	Har barneverntenesta satt seg inn i partane sine tilsvaret til forslag til tiltak?	
H	Inneheld dette tilsvaret noko som fører til at barneverntenesta kan frafalle vitnar eller stevne nye?	
I	Innheld tilsvaret noko som tilseier at det kan gå mot forenkla behandling i nemnda?	
J	Har barneverntenesta orientert Bufetat om når saka kjem opp, og sendt søknad om fosterheim eller institusjonsplass?	
K	Har barneverntenesta klar nokon alternativ å presentere for nemnda i forhandlingsmøte?	
L	Har barneverntenesta orientert eigne vitnar om når saka kjem opp, og sikra at desse set av tid til å møte i nemnda, og at der er godt førebudd på at det kan medføre mykje venting?	
M	Har barneverntenesta saman med advokat, hatt samtaler med alle vitnar, og førebudd desse på kva dei vil bli spurt om?	
N	Er vitnene orientert om at dei kan med seg notater når dei vitnar, notere ned dei spørsmål dei vil få og dei svara dei vil avgje?	
O	Er vitnene førebudd på at dei vil kunne få vanskelege spørsmål frå partane sin advokat, og trenar i korleis dei skal håndtere dette?	
P	Har barneverntenesta og advokat nøye planlagt kva barneverntenesta skal sei i si partsforklaring, og kva advokaten skal spørje om?	
Q	Har barneverntenesta og advokaten planlagt kva dei skal spørje partane sine vitner om ?	
R	Har barneverntenesta laga ein plan for kva dei vil gjere, dersom dei ikkje får medhald i nemnda?	

KAPITELL 7

Vilkår for omsorgsovertaking. Oppfølging av barn under omsorg.

7.1. Formål og prinsipp

Barn som lever under vanskelege forhold, skal først og fremst få hjelp gjennom hjelpetiltak i heimen. I nokon tilfelle er hjelpetiltak ikkje tilstrekkeleg til å gjere ei god nok betring i barna si situasjon, og barneverntenesta må overta omsorga for barnet.

Formålet med tiltak for barn under omsorg er å gje barn, som av ulike grunner må plasserast borte frå heimen, ein best mogeleg omsorgssituasjon.

7.2. Rutiner for arbeidet, og tiltak for barn under omsorg.

Overtaking av omsorg for eit barn er eit alvorleg inngrep i barn og familien sine liv.

Vedtak etter § 4-12, 1. ledd kan bare treffast dersom det er naudsynt ut frå den situasjon som barnet er i. I slike saker må barneverntenesta foreta ei grundig risikovurdering.

Dersom ein kan skape tilfredstillande forhold for barnet etter § 4-4, eller ved tiltak etter § 4-10 eller 4-11, skal ikkje vedtak om omsorgsovertaking treffast.

- Når vilkåra for tiltak etter § 4-12 er til stade, har barneverntenesta ansvar for å førebu og fremme forslag til tiltak overfor Fylkesnemnda. Faktorer som er viktig å ha med:
 - *Barneverntenesta må kunne gjere greie for hjelp og eventuelt andre tiltak som har vore iverksatt tidlegare.*
 - *Dokumentasjon for dei faktiske forhold som forslaget byggjer på må leggest fram.*
 - *Denne dokumentasjon skal underbygge at vilkåra i barnevernlova § 4-12 er tilstade.*
 - *I særlege vanskelege saker bør barneverntenesta så tidleg som mulig, drøfte saka med kommuneadvokat for å sikre at de juridiske aspekter er til stade.*
 - *Det er særskilt viktig at barneverntenesta sikrar barnet sin rett i saker som omhandler omsorgsovertaking av barnet. Barnet sin meining skal leggest vekt på, i samsvar med barnet sin alder og utvikling. I henhold til § 6-3, skal barn som er 7 år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, gjevast høve til å uttale seg og bli informert, før det vert teke avgjerdsler.*

7.3. Val av plasseringsalternativ:

Når det er truffet vedtak om omsorgsovertaking må barnet plasserast borte frå heimen. Bufetat er ein viktig samarbeidspartner i denne fasen av arbeidet. Barneverntenesta bør kontakte Bufetat på eit tidleg tidspunkt, om anna for å drøfte det faglege knyta til premissane om kva som er best for barnet.

I dei aller fleste sakene er det naturleg å kontakte Bufetat og be om bistand i val av tiltak. Dei har og det formelle ansvar for inntak i statleg og private barneverntiltek.

7.4. Huske å utarbeide plan for barnet sin omsorgssituasjon:

- En foreløpig plan for barnet sin omsorgssituasjon ved omsorgsovertakinga, og en meir permanent plan for barnet sin framtidige omsorgssituasjon innan 2 år etter omsorgsovertakinga.
- Viser her til: **Veilederen frå BLD – Omsorgsplaner og tiltaksplaner.**
- **Forskjellen mellom tiltaksplan og omsorgsplan er:**

- Tiltaksplanen har som meining å klargjere kva som er barnet sine særskilde behov og korleis desse behova skal imøtekomast. Tiltaksplanen har eit kortere tidsperspektiv enn omsorgsplanen og skal evaluerast jamnleg.
- Omsorgsplanen skal formidle barneverntenesta si plan for framtida til barnet når det gjeld kor barnet skal bu og vekse opp, og når det gjeld barnet sin relasjon og kontakt med sin biologiske familie.

7.5. Barneverntenesta sitt ansvar for oppfølging av barnet, foreldra og plasseringsstad.

Barneverntenesta skal følgje utviklinga til dei barn som vert plassert etter vedtak om omsorgsovertaking, jfr. § 4-16.

Like eins skal barneverntenesta følgje utviklinga til barnet sine foreldre, og kontakte foreldre kort tid etter barnet er plassert med tilbod om rettleiing og oppfølging. Dersom foreldra ønskjer det, skal barneverntenesta, som ei del av oppfølginga, formidle kontakt med øvrige hjelpinstansar, jf. § 4-16.

Når det gjeld barn som vert plassert i fosterheim, skal barneverntenesta følgje opp og føre kontroll med kvar enkelt barn sin situasjon i fosterheimen.

7.6. Oppheving av vedtak om omsorgsovertaking.

Dersom foreldre kan gje barnet god nok omsorg i heimen, skal vedtak om omsorgsovertaking som utgangspunkt opphevast.

Det er Fylkesnemnd som skal oppheve vedtaket når foreldra kan gje barnet forsvarleg omsorg. Vedtaket skal likevel ikkje opphevast dersom ***”barnet har fått slik tilknytning til menneske og miljø der det er plassert, at det etter ei samla vurdering kan føre til alvorlege problem for barnet om det flyttast.***

Partane kan ikkje krevje at ein sak om oppheving av vedtak om omsorgsovertaking, skal behandlas av Fylkesnemnda dersom saka har vore behandla av Fylkesnemnda eller domstolane dei siste 12 månader, jf. § 4-21, 2. lekk.

7.7. Sjekkliste - Arbeid med barn under omsorg.

	Oppgaver	Utført/ avklart
	Arbeide for å sikre barn ein forsvarleg omsorgssituasjon.	Barneverntenesta sine merknader:
A	Namn på barnet:	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid med barn under omsorg:	
B	Vedr. sjekkliste for barneverntenesta si sakførebuing til Fylkesnemnda (se s. i rutinehandboka).	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid med plassering av barnet:	
C	Er det gjort ei vurdering om plasseringstaden er eigna, for det enkelte barn ut frå kriteriane i § 4-15	
D	Er det snakka med barnet om plasseringa, og har barnet fått medverknad i saka i henhold til avgjera i § 6-3	
E	Er det samarbeid med Bufetat i høve plasseringsa, og er plasseringsalternativet avklart med Bufetat?	
F	Er det utarbeida omsorgsplan for barnet ved omsorgsovertakinga?	
G	Er det sendt melding om flytting til relevante instansar?	
H	Har barneverntenesta vurdert å utarbeide ein tiltaksplan for barnet?	
	Sjekkpunkt for vedtak om flytteforbud for barnet:	
I	Har barneverntenesta gjort ei risikovurdering av barnet sin situasjon ved flytting?	
j.	Er eit foreløpig vedtak om forbud mot flytting foreløpig godkjent av leier av Fylkesnemnda innan fristen på 48 timer?	
K	Er foreløpig vedtak sendt til Fylkesnemnda innan fristen på 6 veker for endeleg godkjenning?	
L	Er det vurdert å fremje forslag om omsorgsovertaking i henhold til § 4-12 dersom barnet ikkje kan flytte heim etter at forbudet mot flytting er gått ut?	
M	Er det vurdert å fremje forslag om omsorgsovertaking for barn som har vore plassert i meir enn 2 år.? I så fall, er omsynet til kva som er best for barnet ivaretatt?	
	Sjekkpunkt for foreløpig vedtak om omsorgsovertaking av nyfødd barn?	
N	Er det gjort ei prognosevurdering av foreldra sin omsorgskompetanse?	
O	Er det gjort ei risikovurdering om vilkåra vil vera til stade dersom barnet flytter heim?	
P	Er det gjort ei vurdering med omsyn til om hjelpetiltak i heimen, vil kunne gje barnet forsvarleg omsorg?	
Q	Er eit foreløpig vedtak om omsorgsovertaking av nyfødd barn, foreløpig godkjent av nemnda innan 48 timars fristen?	

R	Er foreløpig vedtak om samvær sendt til Fylkesnemnda innan fristen på 6 veker?	
	Sjekkpunkt for oppfølging av foreldra og plasseringsstad.	
	Foreldre:	
S	Har barneverntenesta teke kontakt med foreldra med tilbod om rettleiing og oppfølging?	
T	Dersom foreldra ønskjer oppfølging, har barneverntenesta vurdert kva oppfølging som vil vera den best tenlege for foreldra, og har barneverntenesta formidla kontakt med andre hjelpeinstansar som kan vera nyttige for foreldra?	
	Fosterheim:	
U	Er det skreve avtale med fosterheimen om fosterforeldra og barneverntenesta sine retter og plikter?	
V	Har barneverntenesta kontrollert at det er oppnevnt tilsynsførar for barnet?	
W	Har barneverntenesta informert fosterforeldra om deira rett til å uttale seg ved oppheving av vedtak om omsorgsovertaking?	
	Institusjon:	
X	Har barneverntenesta laga ein plan for korleis dei skal følgje opp barn i institusjon?	
Z	Er det utarbeida regler for samarbeid mellom institusjon og barneverntenesta?	

KAPITTEL 8 : MIDLERTIDIGE OG FORELØPIGE VEDTAK I AKUTTSITUASJONER.

8.1. Formål og prinsipp:

Som hovudregel er det Fylkesnemnda som treff vedtak som inneber tvang overfor foreldre og/ eller barn. I enkelte tilfelle kan det haste med å treffe vedtak. Da opner barnevernloven for at barneverntenesta, og i noken tilfelle påtalemakta, kan treffe foreløpige eller midlertidige vedta i akuttsituasjoner. På denne måte vert det mogeleg å handle raskere for skjjerme et barn som er i ein farefull/ risikabel situasjon.

8.2. Sjekkliste for arbeid med midlertidige og foreløpige vedtak i akuttsituasjoner.

8.2.1 Sjekkliste for arbeid med midlertidige vedtak om hjelpetiltak for barn utan omsorg.

	Oppgåver:	Utført / avklart
	Mål : Sikre hjelpetiltak for barn utan omsorg	Barneverntenesta sine merknader:
A	Barnet sitt namn:	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid med midlertidig vedtak om hjelpetiltak for barn utan omsorg.	
B	Er barnet utan omsorg(f.eks. fordi foreldre har sjukdom)?	
C	Har barneverntenesta definert problem som det skal arbeidast med?	
D	Har barneverntenesta val av hjelpetiltak vore tilfredstillande vurdert til å dekkje barnet si trong for hjelp?	
E	Har barneverntenesta utarbeida tidsavgrensa tiltaksplan for oppfølging av barn og foreldre?	
F	Har barneverntenesta fatta midlertidig vedtak om hjelpetiltak for barn utan omsorg?	
G	Er foreldre usamd i hjelpetiltaket? Si så fall skal det ikkje oppretthaldast.	
H	Har barneverntenesta fulgt opp utviklinga til barnet og foreldre?	
I	Har barneverntenesta vurdert behovet for eit meir langvarig hjelpetiltak?	
J	Dersom det er vurdert behov for eit meir langvarig hjelpetiltak, er det fatta vedtak om dette, jf. § 4-4?	

8.2.2 Sjekkliste for arbeid med midlertidige vedtak om å plassere eit barn utanfor heimen.

	Oppgåver:	Utført/ avklart
	Plassering av eit barn, som er i ein risikosituasjon, utanfor heimen ved midlertidig vedtak.	Barneverntenesta sine merknader:
A	Barnet sitt namn:	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid med midlertidige vedtak om å plassere eit barn utanfor heimen.	
B	Er det vurdert om barnet kan bli vesentlig skadelidande ved å forbli i heimen på grunn av akuttsituasjon (som husbråk, vold i heimen eller mishandling)?	
C	Er det vurdert om risikoen kan reduserast tilstrekkeleg med andre virkemidlar, som frivillig hjelpetiltak utan akutt-plassering?	
D	Er det tatt val på midlertidig plasseringsstad for barnet, f.eks. beredskapsheim?	
E	Er det førebudd sak med midlertidig vedtak om å plassera eit barn utanfor heimen?	
F	Har leiar av barneverntenesta eller påtalemakta fatta midlertidig vedtak om plassering utanfor heimen?	
G	Er vedtaket oversendt til leiaren av Fylkesnemnda (snarast, og om mogeleg innan 48 timar) for foreløpig godkjenning?	
H	Er det laga tidsavgrensa tiltaksplan for oppfølging av barnet og foreldra?	
I	Er forslag til vedtak, jf. § 7-3 sendt til Fylkesnemnda (snarast, og seinast innan 6 veker)?	
J	Dersom forslag ikkje har blitt sendt til Fylkesnemnda innan fristen, har tiltaket blitt avsluttet?	

Se Rutinehandboka for Barne og likestillingsdepartementet for sjekkliste, jf. § 4-8 om forbud mot barn (side 90) – og sjekkliste for arbeid med midlertid vedtak om plassering og tilbakehold i institusjon utan eget samtykke (s. 91).

KAPITTEL 9 - TILTAK FOR BARN MED ALVORLEGE ADFERDSVANSKAR.

9.1. Formål og prinsipp

Målsettinga for arbeid med barn og ungdom med atferdsvanske, er å oppdage og identifisera atferdsvanske på eit tidleg tidspunkt, slik at dei riktige tiltak vert iverksatt for å førebygge utvikling av meir alvorlege problem.

Det er ønskeleg å forhindre langvarig plassering utanfor foreldreheimen, om anna gjennom iverksetting av rette hjelpetiltak i heimen. Barn og ungdom som ikkje kan bu heime, bør sikrast gode alternativ enten i eller utanfor heimen.

9.2. Rutiner for arbeid med tiltak for barn med alvorlege atferdsvanske.

Et barn som har vist alvorlege atferdsvanske ved *”alvorleg og gjentatt kriminalitet, vedvarande misbruk av rusmidlar, eller på anna måte”* kan plasserast i institusjon utan samtykke, jf. § 4-24, 1. og 2. lekk.

- Barneverntenesta skal først vurdere om barn med alvorlege atferdsvanske (og deira foreldre) kan få god nok hjelp gjennom tiltak etter barnevernlova § 4-4, før det vert gjeve forslag om tvangsplassering i institusjon, jf. § 4-25, 1. ledd.
- Hjelpetiltak som kan vera spesielt egna for barn alvorlege atferdsvanske er Mulitsystemisk terapi (MST). MST er eit hjemmebasert behandlingalternativ til institusjonsplassering av barn og unge med alvorlege atferdsvanske.
- Andre relevante tilnærminger som kan førebygge alvorlege atferdsvanske er PMT(O) og ”De utrolege åra” (Webster Stratton).
Utdjuping: **Rundskriv om bruk av MST terapi - og Rundskriv om barnevernet og det førebyggjande arbeid med barn og unge og deira familien.**
- * Som ein oppfølging av institusjonsopphaldet skal barneverntenesta planlegge å setje i verk naudsynte hjelpetiltak for ungdommen, jf. § 4-25, 1. ledd. **Her peiker dei på ein ny modell som kombinerar behandling i institusjon og oppfølging i nærmiljø.** Modellen som kallast MuliFunc, vil i dei neste åra bli utprøvd i dei fem stalege regionene. Sjå: <http://odin.dep.no> for nærare informasjon.

Nærare informasjon om rutinanen vert å lese i ”Rutinehandbok for barneverntenesta i kommunane, kap. 6, og kap. 10.

9.3. Utarbeiding av tiltaksplan.

Når eit barn eller ungdom plasserast i institusjon utan samtykke etter § 4-24, 1. og 2. ledd, skal barneverntenesta sørge for at det utarbeidast ein tiltaksplan for barnet.

Viktig: Utkast til tiltaksplan skal føreligge når fylkesnemnda behandlar saka.

Endeleg tiltaksplan skal utarbeidast snarast mogeleg etter at fylkesnemnda sitt vedtak føreligg.

Når plasseringa skjer med bistand frå BUFETAT, jf. § 2-3, skal BUFETAT etter anmodning bistå barneverntenesta med utarbeiding av tiltaksplan.

9.4. Plassering i institusjon på grunnlag av samtykke og tilbakehold.

- Et barn med alvorlege atferdsvanske kan plasserast i institusjon og på grunnlag av samtykke frå barnet og dei som har foreldreansvar. **Dersom barnet er 15 år er det tilstrekkeleg med samtykke frå barnet.**
- Samtykke skal vera skriftleg, og det skal leverast til leiaren for institusjonen seinast når opphaldet starter. Før samtykke er gitt skal barnet verte kjent med eventuelle vilkår i § 4-26, 2. ledd (Frist for tilbakehalding). Institusjonen kan krevje ein frist for tilbakehalding på tre veker frå inntak. **Dersom barnet rømmer, og vert bringt tilbake innan tre veker, reknast fristen frå den dag barnet er brakt tilbake til institusjonen, jf. § 4-26, 2. og 3. ledd.**

9.5. Barnet sin rett under opphald i institusjon.

- * Barnet har vern knytta til personleg integritet. Les meir om dette i : **Forskrift om rett og bruk av tvang under opphald på institusjon.**

9.5. Sjekkliste - Arbeid med barn med alvorlige atferdsvanske.

	Oppgaver:	Utført/ avklart
	Arbeid for å hjelpe barn med alvorlige atferdsvanske enten gjennom hjelpetiltak eller plassering i institusjon.	Barneverntenesta sine merknader:
A	Namn på barnet:	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid med barn med alvorlige atferdsvanskar:	
B	Har barneverntenesta naudsynt informasjon for å kunne vurdere om kriteriane for å definere barnet med alvorlige atferdsvanske er til stade?	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid med hjelpetiltak:	
C	Har barneverntenesta vurdert om hjelpetiltak i henhold til § 4-4 kan hjelpe barnet? Hvis ja, er tiltaka vurdert som egna?	
D	Har barneverntenesta planlagt og sett iverk naudsynte hjelpetiltak knyta til oppfølginga av opphaldet på institusjon?	
	Sjekkpunkt for plassering i institusjon utan samtykke:	
E	Sjå saksbehandling til fylkesnemnda (sjekkliste nr. 6.3)	
F	Har barneverntenesta utarbeida tiltaksplan for barnet?	
G	Har barneverntenesta vurdert barnet sin situasjon på nytt etter 6 månedar?	
H	Har barneverntenesta vurdert om tiltak skal oppretthaldast når barnet fyllar 18 år.	
	Sjekkpunkt for plassering i institusjon med samtykke og tilbakehalding:	
I	Har barneverntenesta innhenta skriftleg samtykke fra dei som har foreldreansvar for barnet hvis barnet er under 15 år ved plassering?	
J	Har barneverntenesta innhenta skriftleg samtykke frå barnet?	
K	Har barneverntenesta informert barnet om eventuelle vilkår om frist for tilbakehalding ved plasseringa?	
L	Er det skriftlege samtykke levert til institusjonen seinast ved plassering?	

9.6. Forslag til momenter i ein utgreiing av atferdsvanske hjå ungdom.

- a). Gje ein oversikt over medlemane i familien, kven familien er og kven som framstår som viktige for ungdommen.
- b). Gjer greie for tidlegare tiltak og nåværande tiltak knyta til ungdommen og familien, og kva instansar som gjer desse tiltaka.
- c). Gjer greie for oppveksten til ungdommen, og eventuelle faktorer som kan ha bidratt til problemutvikling.
- d). Gjer greie for problema som ungdommen har, og kva familien ser på som problem. Vektlegg særleg atferda til ungdommen.
- e). Forsøk å gje greie for hyppigheit, varigheit og intensitet (til dømes graden av konfliktnivå) av den omtala atferda.
- f). Legg vekt på å få fram det som ungdommen gjer og seiar, og korleis foreldra møter/svarar på denne atferda.
- g). Gjer greie for flg.:
- Korleis ungdommen fungerer heime med hensyn til å stå opp, komme seg i seng, pliktar, krancling/ konflikt/ måtar å løyse konflikt på/ innetid, avtaler, kor mykje tid ungdommen bringer saman med sin familien m.m.
 - I kor stor grad har foreldra oversikt over kva ungdommen gjer ute, kven han er saman med, og om foreldra kjenner venene hans.
 - Korleis fungerer ungdommen i forhold til skulen: skulking, prestasjonar, forhold til lærare, medelevar og liknande.
 - Korleis vennenettverket framstår med omsyn til alkohol, rus, kriminalitet og atfer (anti- eller prososial).
 - Ungdommen sitt eige forhold til/ erfaring med rusmidlar og eventuell kontakt med politiet. Gjer greie for hyppigheit og omfang.
 - Brukar ungdommen verbal og/ eller fysisk vald, og eventuelt mot kven/ kva.
- h). Gjer greie for eventuelle andre belastningar og problem i familien.
- i). Forsøk å få fram foreldra sin motivasjon for heimebasert tiltak, foreldra sine eigne vurderingar av eige styrke og vilje til endring. Deire eiga oppfatning av nytteveri, og det å gå inn i eit intensivt samarbeid med barnevernet om heimebasert hjelp.
- j). Barneverntenesta sitt ønske/ mål for det heimebaserte tiltak, eventuelt andre sitt uttrykte ønske/ mål for tiltaket.

KAPITTEL 10 - TILTAK FOR UNGDOM OVER 18 ÅR.

10.1. Formål og prinsipp

Formålet med tiltak for ungdom over 18 år er å ivareta ungdom i barnevernet, som ikkje klarer seg sjølv når de er vorte myndig. Ved å forlenge tiltak –skal ungdommen gjerast i stand til å stå på egne bein innan fylte 23 år.

10.2. Rutiner for arbeid med tiltak for ungdom over 18 år.

- Barneverntenesta har høve til å oppretthalde/ igangsette eller erstatte tiltak ut over 18 års alder, og inntil ungdommen er 23 år, jf. § 1.2, 2. ledd.
- Alle typer tiltak etter loven kan oppretthaldes, bortsett frå **tiltak etter § 4-24.**

10.2. Informasjon til ungdommen det gjelder.

- I god tid før ungdommen det gjelder fyller 18 år skal barneverntenesta gjøre:
 - en helhetlig vurdering om ungdommen har spesielle behov for oppfølging etter fylte 18 år. Dette må gjerast ved å ha ein samtale med den det gjeld og samle inn naudsynt informasjon om korleis ungdommen fungerer og kva trong han/ hun har for hjelp vidare framover. Ein må å vurdere om andre instansar er betre egna til å ivareta ungdommen, t.d. med heimel i sosialtenestelova.
- Sosialtenesta har eit **særskildt ansvar** dersom ungdommen har behov for vidare tenestar. Med samtykke frå ungdommen må barneverntenesta samarbeide med sosialtenesta om tilrettelegging av tiltak før han / hun er 18 år.
- Dersom barneverntenesta vurderar at det er grunnlag for oppretthalding eller erstatning av tiltak etter 18 år, må barneverntenesta innhente samtykke frå ungdommen. Samtykke kan, til ein kvar tid, trekkast tilbake.

10.3. Utarbeiding av plan for vidare tiltak.

- Barneverntenesta skal i god tid før ungdommen fyller 18 år utarbeid ein plan for framtidige tiltak i samarbeid med ungdommen.
- Her må barneverntenesta og trekkje inn fosterforeldra, institusjonsansatte og andre som kjenner ungdommen, og som han/ hun har tillit til.
- Målsettinga med plan for vidare tiltak er å kunne arbeide planmessig med overgangen til eit sjølvstendig tilvære for ungdommen, og å gje han/ hun forutsigbarhet i sin livssituasjon.

10.4. Rett til å klage over avgjerd.

- Sjølv om ungdom ønskjer å oppretthalde tiltak i barnevernet etter fylte 18 år, kan barneverntenesta avslå dette.
- Det er viktig at barneverntenesta informerer ungdommen om at avslag kan påklagast til fylkesmannen i henhald til § 6-5 og § 6-6.

- Barneverntenesta bør i desse tilfelle bistå ungdommen i klageprosessen.

10.5. Ungdommen angrer på at han/ hun ikkje var villig til å oppretthalde tiltak gjennom barneverntenesta.

- Barneverntenesta kan gi barneverntiltak til ungdom over 18 år som tidlegare har vore under omsorg hjå barneverntenesta, sjølv om kontakten har vore avslutta i ein periode. Plan for vidare tiltak, jf. pkt. 10.3, bør utformast slik at ungdommen sikrast tiltak sjølv om kontakta har vore brutt i ein periode.
- Tilsvarande kan og gjelde for ungdom over 18 år som har hatt hjelpetiltak frå barnevernet tidlegare. (Jf. brev frå departementet til Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 9. februar 2006.) (Lagt ut på Odin.no).

På de to siste sider i vår rutinehandbok følger ”Sjekkliste - Arbeid med tiltak for ungdom over 18 år” - og mal for ”Samtykkeerklæring for ungdom over 18 år”.

10.6. Sjekkliste – Arbeid med tiltak for ungdom over 18 år.

	Oppgaver	Utført / avklart
	Arbeide med å oppretthalde eller erstatte tiltak for ungdom over 18 år	Barneverntenesta sine merknader:
A	Namnet på ungdommen:	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid med tiltak for ungdom over 18 år.	
B	Har barneverntenesta gitt ungdommen informasjon om adgangen til å oppretthalde tiltak etter 18 år?	
C	Har barneverntenesta hatt samtale med ungdommen om hans/ hennar ønsker og behov etter fylte 18 år?	
D	Har barneverntenesta teke ei heilskapeleg vurdering av kva trong for hjelp ungdommen har?	
E	Er ungdommen sin trong for hjelp og ønsker ivareteken i vurderinga?	
F	Har barneverntenesta innhenta samtykke frå ungdommen ved oppretthalding av tiltak?	
G	Har barneverntenesta utarbeida plan for vidare tiltak ved oppretthalding av tiltak?	
h	Har barneverntenesta vurdert kva andre personar som bør trekkjast inn i arbeidet med plan for vidare tiltak, fosterforeldra, institusjonsansatte, andre?	
	Sjekkpunkt for barneverntenesta sitt arbeid dersom tiltak ikkje oppretthaldast etter 18 år.	
i	Dersom ungdommen har ønsker om oppretthalding av tiltak, men dette er ikkje innvilga, har barneverntenesta i så fall informert ungdommen skriftleg om avslaget?	
J	Ved avslag, har barneverntenesta informert om klagerett?	
K	Har barneverntenesta bistått ungdommen i klageprosessen?	
L	Dersom ikkje tiltak oppretthaldast etter fylte 18 år, har barneverntenesta undersøkt trongen for andre tiltak?	
M	Dersom ungdommen har behov for andre tiltak eller tenestar etter sosialtenestelova etter 18 år, har barneverntenesta informert sosialtenesta om dette?	
N	Dersom ungdommen har behov for tiltak etter sosialtenestelova, har barneverntenesta bistått sosialtenesta i val av tiltak?	
O	Har barneverntenesta vurdert om andre samarbeidspartnare enn sosialtenesta skal trekkjast inn i arbeidet med tiltak?	

10.7.

SAMTYKKEERKLÆRING FOR UNGDOM OVER 18 ÅR**Namn:****Fødselsdato:**

Jeg samtykker i å motta barneverntiltak etter fylte 18 år. Barneverntenesta i Meland kommune står ansvarleg for tiltaket.

Tiltaket gjeld:

Samtykke gjeld frå den / til den /

Det visast til Lov om barneverntenester § 1-3, 2. ledd: "Når barnet samtykker, kan tiltaket som er iverksett før barnet har fylt 18 år, oppretthaldast eller erstattast av andre tiltak som omhandla i denne lov inntil barnet har fylt 23 år.

Endring i tiltaket vil skje etter drøftingar mellom meg, barneverntenesta og andre som med tiltaket å gjera. Jeg er kjent med at tiltaket kan trekkjast tilbake, og at dette medfører at tiltak som er iverksett av Meland barnevernteneste dermed opphøyrer.

Sted, dato:

Ungdommen sin signatur.